



Samnanger historielag

- Der gamalt og nytt møtest -

-----20.01.10-----

Referat frå styremøte Tysdag 19.01.10 kl 18.30 – ca. 22.15

Desse møtte:

- Margunn Lønnebakken
- Helge Hisdal
- Magda Haugen
- Anton Kåre Drønen
- Kjell Reistad
- Britt Haukanes
- Tor Wold

Møtet vart halde i Antons kulturhistoriske senter på Frøland

Saker som vart handsama:

Sak nr	Kva saka omhandlar og ev. vedtak
1/10	Godkjenning av referat frå førre styremøte. Vedtak: Referatet vart godkjent slik det låg føre med følgjande merknad frå leiaren: <ul style="list-style-type: none">• I sak 47/09 er det nemnt at arbeidsgruppene vert kontakta etter nyttår. Truleg kan dette arbeidet først ta til våren 2010.
2/10	Årsmøte 2010 – planlegging. Styret drøfta i kva grad møtet skulle vera ope for andre enn medlemmer. Det vart dissens om dette og saka vart teken opp til votering. Ved prøverøysting røysta 3 styremedlemmer for at møtet skal vera ope berre for medlemmer, medan 2 medlemmer røysta for at møtet skal vera ope for alle. Det vart same utfall på endeleg røysting. Vedtak: Årsmøtet i Samnanger historielag med kulturelt innslag 25.02.10 vert arrangert berre for medlemmer. Det vert høve til å teikna medlemskap under årsmøtet.
3/10	Årsplan 2010. Styret arbeidde fram ein årsplan i møtet. Planen ligg ved dette referatet. Vedtak: Årsplan for Samnanger historielag vert vedteken slik den ligg føre som ei innstilling til årsmøtet som tek endeleg avgjerd i saka.



Samnanger historielag

- Der gamalt og nytt møtest -

4/10	<p>Æresmedlemsskap i Samnanger historielag. Det låg føre vedtekter som styret drøfta. Vedtektene ligg ved dette referatet. Vedtak: Styret i Samnanger historielag godkjenner vedtekter for tildeling av æresmedlemsskap i laget.</p>
5/10	<p>Avslutning av rekneskapen 2009. Evt. avsetjing til Kulturhistorisk fond. Kasserar Kjell Reistad la fram rekneskapen og gjorde greie for dei ulike postane. Vedtak: Rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre og oversendt til revisorane for revisjon. Rekneskapen vert deretter lagt fram for årsmøtet. Det vert ikkje sett av midlar til Kulturhistorisk fond for 2009.</p>
6/10	<p>Medlemskontingent 2011. Styret drøfta saka. Vedtak: Styret si innstilling til årsmøtet: Medlemskontingenten for 2011 vert sett til kr. 150,-.</p>
7/10	<p>Budsjett 2010. På grunnlag av framlegg frå kasseraren utarbeidde styret budsjett for 2010. Kjell Reistad sender ut budsjettet til styremedlemmane, og det vil verta handsama av årsmøtet. Vedtak: Budsjett for Samnanger historielag vert godkjent slik det ligg føre som innstilling til årsmøtet som tek endeleg avgjerd i saka.</p>
8/10	<p>Godkjenning av avtaletekst – avtale mellom Samnanger historielag og Antons kulturhistoriske senter. Anton Drønen kom først med sine kommentarar til avtaleteksten. Han vart deretter ugild i saka. Styret drøfta innhald og ordlyd i avtalen. Avtaleteksten ligg ved dette referatet. Vedtak: Avtaleteksten vert godkjent slik den ligg føre.</p>
9/10	<p>Det som elles kjem til</p> <ul style="list-style-type: none">• Anton Drønen ynskjer at det kan lagast fleire DVD og CD vedk bileta frå Widerøesamlinga slik at dei kan seljast. Tor Wold vil ordna dette.• Tor Wold informerte om at Libris i Arna er interesserte i å selja eldre årgangar av årbøkene våre.• Anton Drønen ynskjer at Samnanger historielag kan leggja inn ein link til hans heimeside. Britt Haukanes tek kontakt med Øyvind Strømmen om dette.• Britt Haukanes har freista å få til dette med å leggja inn meir under styrearbed. Ho vil tak kontakt med Øyvind Strømmen om dette igjen.• Anton Drønen er opptatt av å samla inn stoff, i første rekkje film, om vegbygging (hovudvegen) i Samnanger og om ferdseilen på E68 gjennom bygda.• Margunn Lønnebakken vil be valkomiteen om å koma i arbeid med tanke på valet på årsmøtet.• Tor Wold orienterte om det arbeidet han gjer i høve til å samla inn stoff om "båtar på fjorden".



Samnanger historielag

- Der gamalt og nytt møtest -

- | | |
|--|---|
| | <ul style="list-style-type: none">• Tor Wold orienterte om filmprosjektet vedk. kraftutbygginga. Han har drøftingar med BKK om finansiering og oppfølging. For å koma vidare må det gjerast noko dugnadsarbeid på filming. Til dette trengst det utstyr. Vedtak: Samnanger historielag løyver inntil kr. 12.000,- til aktuelt utstyr til bruk i prosjektet. Tor Wold tek ansvar for å skaffa utstyret. |
|--|---|

Neste styremøte er førebels ikkje avtala.
Me kjem attende til dette på årsmøtet 25.01.10

Stor takk til Anton for at me får ha møte hos han!

Magda Haugen
Skrivar